

1. Innledning

Vi er gang med ein serie der vi snakkar om verdier. Vi har tenkt å gå gjennom 6 kjerneverdier, og er idag komt til den femte, og det er helbredelse. Holistisk helbredelse, d.v.s. helbredelse som gjer oss til heile menneske, i ånd, kropp og sjel.

Desse verdiane har ein naturleg rekkefølge. Vi starta med (1) Bibelen, fordi den e kilda, sammen med den hellige Ånd til alt det som kjemm etterpå. Så snakka vi om at (2) Jesus ved den Hellige Ånd måtte få sinn rettmessige plass, og ut i frå det så kan vi bygge (3) felleskap. Desse relasjonane definerer oss som (4) individ, og i eit nådefult miljø er (5) helbredelse ein naturleg del, og alt dette munnar ut i at (6) Guds Rike kjem nær, og blir spreidd utover

2. Historisk sammenheng

Det er først og fremst når vi les evangelia og apostelgjerningane at vi oppdagar den sentrale rolla til helbredelse.

Og vi skal lese eit typisk avsnitt om Jesus:

Mark 1,31-34 Han gjekk bort til henne, tok henne i handa og reiste henne opp. Då sleppte feberer henne, og ho stelte for dei. 32 Då det vart kveld og sola gjekk ned, kom dei til han med alle som var sjuke eller hadde vonde ånder.

33 Heile byen var samla utanfor døra. 34 Han lækte mange som leid av ulike sjukdomar, og dreiv ut mange vonde ånder . . .

Mark 16,17-18 Og desse teikna skal følgja dei som trur: I mitt namn skal dei driva ut vonde ånder, dei skal tala nye tungemål, dei skal ta ormar i hendene, og om dei drikk dødeleg gift, skal det ikkje skada dei. Dei skal leggja hendene på sjuke så dei blir friske.

Men viss ein les berre desse versa, så kan ein få inntrykk av helbredelse er kun ei handling, ein happening, og ikkje ein prossess. Men når du studerer Bibelen, GT og NT, så ser ein at helbredelse handlar om noko større, og det er det eg har lyst å få fram idag.

Helbredelse har sitt opphav i to ord som er brukt i Bibelen. Det er konseptet *Shalom* (fred) frå gamletestamentet og den nytestamentlege forståelsen av *Soteria* (frelse).

Begge desse uttrykka er holistiske (tenke heilheitleg - filosofisk: heilheita er større enn summen av enkelstdelar). Dei handlar om Guds inngrep og gjerningar i samband med utfrielse, frelse, frigjering, helbredelse og gjenoppretting, og effektane av det, åndeleg, følelsmessig, mentalt, fysisk, sosialt, økonomisk, politisk og til og med økologisk.

John Wimber prøvde å inføre ein holistisk tankegang i forbindelse med helbredelse, og det vart gjenspeila i måten han praktiserte det på.

3. Relevans for oss

Og dette er eit veldig aktuelt tema. Vi er omgitt av alternative tilbud, meir eller mindre åndelege, ein del new age, der vi får tilbud om velvære, finne deg sjøl, healing av alskens variantar, balanse, harmoni etc.

Og det ej trur alle lengtar etter, er *Shalom* (å bli heile menneske). Og det ønska Jesus å gi oss! Så.

4. Kva betyr dette for oss?

4.1. Helbredelse, helse og heilheit er Guds ønske for oss alle, medan sjukdom, undertrykkelse, demonar og død er uttrykk for vondskap

- Krig. Viktig å ha klart.
- Gud vil og kan. *Mark 1,40-42 spedalsk . . . "Dersom du vil, kan du gjera meg rein." . . inderleg medkjensle . . "Eg vil," sa han. "Bli rein!" 42 Med det same var sjukdomen borte, og mannen vart rein.*

4.2. Helbredelse er både ei handling og ein prosess, eit uttrykk for Guds medlidenheit med offer for vondskap.

- Håndpåleggelse vanlegast
- Motivasjon: medfølelse vs å få oppmerksomheit/ære og tene pengar.
- Såra helbredarar (Jesus også - prøvd i alt/såra for vore brot)
- Alle i prosess

4.3. Fordi helbredelse er ein prosess (oftast), har vi ein miljømessig og holistisk forståelse og tilnerming

- "Skape" ei naturleg helbredande atmosfære.
- Går tilbake til det eg snakka om sist, eit nådemiljø (vs lovisk)
- Omfattande - ikkje overfladisk og enkelt
- Vi er sofistikerte vesen skapt på "skræmeleg underfullt vis" (sal 139)
- Prosess mot heilheit på mange ulike måtar
- Dimensjonar: Sjel (synd), tankar og følelsar (gamle og nye sår), åndskrefter (demonisering), kropsleg, relasjonar, etc.

4.4. Helbredelse betyr å forvente overnaturlige tegn og under, ved at ein brukar nådegåvene og krafta frå Den Heilage Ande

- Gaver: helbredelse, tru, mirakel, kunskap, visdoms, skjelne ånder.
- Gud gir oss kraft: *Apg 1,8 Men de skal få **kraft** når Den heilage ande kjem over dykk . .*
- Jesus har autorisert oss: *Luk 9,1-2 Jesus kalla saman dei tolv og gav dei **makt** over alle vonde ånder og **kraft** til å lækja sjukdomar. 2 Så sende han dei ut for å forkynna Guds rike og gjera sjuke friske.*
- Veldig viktig i Vineyard, uten Guds nærvær og inngrep er vi ingenting.

4.5. Helbredelse betyr å ha eit hjerte for ei verd full av smerte - med spesiell fokus på evangelisering og sosialt medvit.

- Mange som lid, spesielt nykje skjult nød bak fine, rike fasader.
- Nå ut med helbredelse. Vi kan ikkje forvente at folk berre dukkar opp her på Gudsteneste. Kvardagen og felles raid.
- Involvere kirka samfunnsmessig. Steve Sjøgren:
(barmhjertighetsteneste, fjerne søppel, vaske toalett, demonstrere Guds godheit på ein praktisk måte)